



DET KONGELEGE
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

22/1953-

8. mars 2022

Grøn verdiskaping og økt bearbeiding i sjømatindustrien - høyring

Nærings- og fiskeridepartementet sender med dette rapporten frå utvalet for grøn verdiskaping og økt bearbeiding av berekraftige sjømatprodukt i Noreg på høyring.

Utvalet sitt mandat har vore å vurdere moglegheiter for grøn omstilling og framtidig berekraftig produksjon i sjømatindustrien, med særleg vekt på bearbeidingsleddet, å foreslå tiltak som kan bidra til auka bearbeiding, gjennomgå dei siste års utvikling i sjømatindustrien med vekt på teknologi, innovasjon, eigarskap og struktur, identifisere korleis gjeldande rammevilkår har bidrege til utviklinga; samt kartlegge kva strukturar, regelverk og drivarar som vil vere viktige for rammevilkåra til sjømatindustrien og bearbeidingsgraden av fisk i Noreg i tida framover.

Utvalet har i rapporten føreslege 32 tiltak, både i form av overordna målsetningar og konkrete tiltak.

Liste over høyringsinstansar er vedlagt. Alle som ynskjer det kan uttale seg, sjølv om ein ikkje er oppført på lista over høyringsinstansar.

Vi ber om at høyringssvar vert innsendt ved å nytte skjemaet for høyringssvar på regjeringens nettsider: www.regjeringen.no/id2903360. Alternativt kan svar på høyringa sendast på e-post til postmottak@nfd.dep.no. Høyringssvara er offentlege, og vert publisert på heimesida til departementet.

Vi ber om høyringssvar innan 1. juni 2022.

Postadresse
Postboks 8090 Dep
0032 Oslo
postmottak@nfd.dep.no

Kontoradresse
Kongens gate 8
www.nfd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
912 660 680

Avdeling
Handelspolitisk
avdeling

Saksbehandlar
Bjørn Tore Erdal
22 24 64 69

Med helsing

Rune Dragset (e.f.)
avdelingsdirektør

Bjørn Tore Erdal
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar